



Loppemarknaden i Uskedalen vart ein suksess. Her gjev Kjell B. Olsen, Agnar Melkersen og Gianni Rebaudo uttrykk for det. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styret i Lions i Kvinnherad har no fordelt overskot frå loppemarknaden i Aktivitetshuset, Tulipanaksjonen og gåver, tilsaman 26 000 kroner og 9 000 går til føremål i Uskedalen. 5 000 frå loppemarknaden går til den nye tre-lavvoen som den kommunale barnehagen skal byggja i Skårhaug. 2 000 til kjøp av kjøkenutstyr i Gamleskulen og 2 000 til skigruppa i idrettslaget.

Styret hadde motteke 10 søknadar frå lag og organisasjonar om støtte. Loppemarknaden gav eit overskot på 15 000 og av dette fekk dagavdelingen på Husnestunet ved Ellen Schwenke 2 000, Villatoppen 2 000 som tilskot til bålpanne, Interesselaget Postvegen 2.000 og icare2 på Halsnøy 1 000 kroner. 'Sansehagen' ved Rosendalstunet fekk 1.000.

Overskotet av Tulipanaksjonen vart 9 000 og av denne summen fekk musikkgruppa Sløyden i Herøysund 2 000, Valen sjukehus 2 000 og Valen tito/ope hus 1 500 kroner.

Også SIKVAL søkte men denne gruppa fekk stønad for 2010/2011. Det står att 1 500 som eventuelt går til dei.

- At 10 skulle særkjå var i overkant av det vi venta, men alle søknadane var velformulerte og godt begrunna og vi kom til at alle som søkte skulle få ein liten sum kvar, seier president Kjell B. Olsen til uskedalen.no

Han minnar om at Lions også har store internasjonale forpliktingar i form av katastrofefond og kampen mot blindheit, for å nemna to oppgåver.

-Når desse har fått sin del og vi har litt att til lokalt katastrofefond til dømes ved brann i nærmiljøet, fordeler vi resten lokalt, opplyser Olsen

Av Ola Matti Mathisen

